

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
025/23	Kommunestyret	PS	13.04.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Plannavn-Klima- og energiplan, Komnr-4632, FE-144	21/240

Oppretting av ei arbeidsgruppe og ei prosjektgruppe for å redusera energiforbruket og for å få på plass meir energiproduksjon i Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune oppretter ei kommunal **arbeidsgruppe** som skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Målet er at planen skal leggjast fram for kommunestyret 22. juni 2023. Leiar i arbeidsgruppa er ordførar Per Lerøy. Atle Våge, leiar teknisk drift Stian Marøy, prosjektleiar vert medlemmer i arbeidsgruppa.

Austrheim kommune oppretter og ei politisk utnemd **prosjektgruppe** som skal kartlegga kva moglegheiter det er for bedrifter og privatpersonar til å produsera energi sjølv i kommunen. Gruppa skal også vurdera korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk. Gruppa skal også kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst. Gruppa bør ha som mål å gjennomføra ein ny **Energikonferanse** hausten 2023 der dette er tema. Leiar for miljø, plan og byggesak Asbjørn Nagell Toft, vert sekretær for prosjektgruppa. Dei politiske partia nominerer sine kandidatar inn i prosjektgruppa, dei treng ikkje vera politikarar.

Prosjektgruppa skal ha 5-7 medlemmer. Kandidatane skal meldast inn til valnemnda innan 28. mars, og valnemnda skal ha desse klare til møtedagen 2. mai.

Kommunestyret - 025/23 - 13.04.2023

KS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Det vart føreslege at ein skal få på plass kandidatar til arbeidsgruppe og prosjektgruppe no i løpet av april månad.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er tenkt at partia skal ha sine kandidatar, eller heilt utanom politikken. Her kommenterte ordførar Per Lerøy (Ap) at det gjerne kan vera kandidatar heilt utanom politikken, dette er ikkje partipolitisk men eit spørsmål om å finna engasjerte folk.

Reidar Ulvøy (Ap) oppfordra til å tenkja litt utradisjonelt, og vidare enn å ta i bruk vind og sol, samt energieffektivisering, kan ein sjå etter andre moglegheiter i regionen sidan det ligg til rette for å utnytta tidevass-straumar. Ulvøy oppfordra til samarbeid med Fedje kommune, og etablera anlegg for å fanga energien som ligg i havdønningane.

Reidar Øksnes (Sp) støtta framlegget frå Reidar Ulvøy om å satsa på tidevass-straumar. Øksnes spurte om prosjektgruppa bør vera klar til arbeidsgruppa er klar med sin rapport. For arbeidsgruppa oppmoda Øksnes om å få inn folk med kunnskap, som kan sjå litt framover.

Asbjørn Toft sa at det kan vera greitt å ha denne gruppa klar til kommunestyret sine møtedagar 2. og 3. mai. Viktig å få inn folk for brenn for dette temaet. Om prosjektgruppa og arbeidsgruppa sa Toft at dei er uavhengige av kvarandre.

Aslak Andre Bakke (H) oppfordra til at det vert satsa på å få inn kunnskapspersonar i desse gruppene.

Renee H. Semmingsen (Bygdelista) spurte om ein skal ha kandidatane klare til 2. mai eller tidlegare.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er eit framlegg å senda namna inn til Ann Kristin Leirvåg som leiar av valnemnda, og så vert det lagt fram framlegg i møtet 2. mai.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak, med tillegg om at kvar gruppe skal ha 5-7 medlemmer, og at kandidatane skal meldast inn til valnemnda innan 28. mars, og valnemnda skal ha desse klare til møtedagen 2. mai.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Austrheim kommune oppretter ei kommunal **arbeidsgruppe** som skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Målet er at planen skal leggjast fram for kommunestyret 22. juni 2023. Leiar i arbeidsgruppa er ordførar Per Lerøy. Atle Våge, leiar teknisk drift Stian Marøy, prosjektleiar vert medlemmer i arbeidsgruppa.

Austrheim kommune oppretter og ei politisk utnemd **prosjektgruppe** som skal kartlegga kva moglegheiter det er for bedrifter og privatpersonar til å produsera energi sjølv i kommunen. Gruppa skal også vurdere korleis bedrifter og hushaldningar kan redusere sitt energiforbruk. Gruppa skal også kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst. Gruppa bør ha som mål å gjennomføre ein ny **Energikonferanse** hausten 2023 der dette er tema. Leiar for miljø, plan og byggesak Asbjørn Nagell Toft, vert sekretær for prosjektgruppa. Dei politiske partia nominerer sine kandidatar inn i prosjektgruppa, dei treng ikkje vera politikarar.

Prosjektgruppa skal ha 5-7 medlemmer. Kandidatane skal meldast inn til valnemnda innan 28. mars, og valnemnda skal ha desse klare til møtedagen 2. mai.

Saksopplysninger:

Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032 vart godkjent i kommunestyret den 27.10.2022. På dette møtet vart det og drøfta om det skulle opprettast ei arbeidsgruppe for å få sett på energiproduksjon, men og for å få fortgang i andre viktige ENØK-tiltak i Austrheim kommune. I denne saka vart dette mellom anna referatført følgjande:

Reiar Ulvøy (Ap) Framlegg til vedtak:

Det etableres ei arbeidsgruppe av personer med industriell erfaring og kompetanse. Arbeidsgruppa skal vurdere og foreslå muligheter vi i Austrheim kommune har til å forsyne innbyggerne og

næringslivet med prisgunstig energi. Som eksempel skal gruppa sjå på følgjende muligheter: Solcelle, solvarme, termisk energi, vind, tidevanns- straumane. Vi bør kunne forvente at dette kan bli et samarbeidsprosjekt med Industriutvikling Vest og eventuelt med Austrheim Videregående skule.

Vidare vart dette og sagt i same sak:

Ordførar Per Lerøy (Ap): Det er eit signal om at Austrheim kommune set seg energiavhengig. Å settesaman ei slik arbeidsgruppe kan vi ta på klimakonferansen.

Helge Dyrkolbotn (Krf): Eg tenkjer det same. Vi kan eventuelt ha det som eit vedlegg til vedtaket idag.

ENØK-planen til Austrheim kommune vart godkjent den 12.04.2018.

Enøkplanen har mellom anna som mål at:

Lønsame, energisparande tiltak skal kartleggast og gjennomførast slik at driftskostnadene vert reduserte utan at dette går ut over ytre miljø, inn klima og øvrige funksjonskrav. Enøkplanen har med ei tiltaksliste.

I kommunestyret i Austrheim vart det i møte den 11.11.2021 vedteke i sak 082/21 følgjande klimamål for kommunen. Vedtaket var:

Kommunestyret har som klimamål at Austrheim kommune i 2030 skal vera utleppsfri, i år 2050 ein 1,5- graderskommune. Austrheim kommune skal vera ambisiøs i si satsing framover på alternative energikjelder som fjordvarme, varmepumper og solenergi. Det gjeld og satsing på gang- og sykkelveggar og tiltak innafor friluftsliv, idrett og kultur som fremjar folkehelsa og minkar klimautsleppa i kommunen.

Kommunestyret i Austrheim har såleis kome med eit klårt politisk klimamål for dette planarbeidet. Dette målet vart førande i arbeidet med kommunedelplanen for klima og energi. Planen omfattar både direkte og indirekte klimagassutslepp, og set mål for kommunen som organisasjon og samfunn, den skal vise retningen for klimaarbeidet vårt. Det vert og lettare å få tilgang til offentlege tilskot til klima- og energiomlegging når Austrheim kommune no har fått ein oppdatert klima og

energi plan. Til dømes kan ein då truleg få økonomisk bistand til å få på plass ein rimlegare og miljøvenleg oppvarming av kommunehuset. Solenergi og små vindturbinarknytt på bygg i kombinasjon med bruk av geovarme eller varme frå sjø/vatn, vil og kunne gje oss miljøvenlege energiløysingar til dei kommunale byggja våre framover.

Det er viktig med handling framover slik at Austrheim kommune kan nå sine viktige energi- og klimamål.

Vurdering:

Kommunedirektøren synes det er naturleg at det vert oppretta ei arbeidsgruppe som skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Målet er å finna kostnadseffektive og miljøvenlege løysingar som skal bidra til at me når energi- og klimamåla lokalt, regionalt og nasjonalt. Etter fullført kartlegging skal det lagast ein enkel handlings- og investeringsplan for tiltaka som kan gjennomførast i kommunal regi. Målet er at planen skal leggjast fram for kommunestyret 22. juni 2023.

Arbeidsgruppa kan bestå av: Per Lerøy, ordførar (leiar av arbeidsgruppa)

Atle Våge, leiar teknisk drift

Stian Marøy, prosjektleiar

Kommunedirektøren meiner og det er naturleg at det også vert oppretta ei prosjektgruppe som skal kartlegga kva moglegheiter det er for bedrifter og privatpersonar til å produsera energi sjølv i kommunen. Her tenkjer me på energi frå vind, geo- og sjøvarme, tidevatn, tidvasstraum, bølger, sol og fjernvarme frå industri og andre miljøvenlege og naturlege energibærarar. Gruppa skal også vurdere korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk. Gruppa skal også kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst for dei som ønskjer å redusera energiforbruket, eller produsera sin eigen energi. Denne prosjektgruppa bør ha som mål å gjennomføra ein ny Energikonferanse hausten 2023 der det dei har kome fram til vert lagt fram på eit ope møte.

Leiar for miljø, plan og byggesak Asbjørn Nagel Toft, vert sekretær for prosjektgruppa. Elles nominerer dei politiske partia sine kandidatar inn i gruppa. Totalt bør det ikkje vera meir enn sju deltakarar i prosjektgruppa inkludert sekretær. Gruppemedlemmene treng ikkje vera politikarar.

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret vedtek at det vert oppretta ei kommunal arbeidsgruppe og ei prosjektgruppe som nemd over. Målet er handling slik at me når våre viktige energi- og klimamål.

Konklusjon

Austrheim kommune oppretter ei arbeidsgruppe og ei prosjektgruppe som vist i framlegg til vedtak.

